

BYGDELAGSKORET

LOVER

vedteke på årsmøte den 6. februar 1995

§ 1 SKIPNAD

Bygdelagskoret vart skipa i oktober 1929 av laga i Oslo Fylkeslag (noverande Bygdelagssamskipnaden i Oslo, BLS) som eit særslag og tilbod til lagsmedlemmene.

Bygdelagskoret vart eige lokallag i Bygdelagssamskipnaden, fylkeslag av Noregs Ungdomslag, den 1. januar 1985, og er underordna lover, føresegner og arbeidsprogram til Bygdelagssamskipnaden og landslaget.

§ 2: FØREMÅL

Bygdelagskoret, som er eit blanda kor, har til føremål å fremje interessa for korsong. Koret skal aktivt arbeide for å ta vare på våre folkelege kulturtradisjonar, særleg gjennom norske folkesongar og bunadtradisjonar, og la dette vere grunnlaget for ei miljøskapande samversform. Koret ser det òg som viktig å ta opp nye songar av norske diktarar og komponistar og fremje interessa for folkesongar frå andre land. Koret kan også arbeide med andre aktivitetar som ligg innanfor føremålsparagrafen til Noregs Ungdomslag.

§ 3: MEDLEMSKAP

Alle med lyst og interesse for sang kan bli medlemmer i koret, etter godkjenning av styret og dirigenten i samråd. Dersom dirigenten ønskjer det, må den som vil bli medlem, avleggje stemmeprøve.

Medlemskapen gjeld frå dato for opptak, med forholdsmessig innbetaling av medlemskontingent.

Medlemmene pliktar å følgje vedtektene og dei vedtaka som vert fatta i koret. Medlemmene må så langt råd er, møte opp til alle øvingar og framsyningar, og må melde fråver til stemmeførar.

Ved permisjon eller utmelding skal medlemmene gje skriftleg melding til styret.

§ 4: ÅRSMØTET

Årsmøtet er det øvste organet i koret. Koret skal ha årsmøte innan 10. februar.

4.1 Innkalling og forretningsorden

Innkalling med førebels sakliste skal sendast ut til medlemmene minst 4 veker før årsmøtet. Saker som skal vere med på saklista, må vere innkomne skriftleg til styret seinast 3 veker før årsmøtet. Seinast 1 veke før årsmøtet skal styret sende ut endeleg sakliste, årsmelding, ettersett rekneskap, forslag til budsjett, innstilling frå valnemnda og andre dokument om saker som er fremja etter vedtektene. Dersom styret ikkje har ført opp på saklista ei sak som er innmeld til rett tid, kan saka likevel takast opp til avgjerd dersom årsmøtet ønskjer det.

Årsmøtet er avgjerdsdyktig når minst 50 % av medlemmene er til stades. Avgjerder vert tekne ved vanleg fleirtal - bortsett frå lovvedtak, som krev 2/3 fleirtal. Leiaren har dobbeltstemme ved likt stemmetal - bortsett frå ved val, der resultatet vert avgjort ved loddtrekning. Det skal vere skriftleg avstemming ved val dersom det er meir enn ein kandidat til vervet, og ved andre saker dersom det er sett fram krav om dette.

Årsmøtet vel eigen møteleiar, møteskrivar og to medlemmer til å underteikne møteprotokollen, og tek stode til innkalling, sakliste, årsmelding, rekneskap, budsjett og andre saker på saklista. Årsmøtet fastset årspengane. Protokollen frå årsmøtet skal underteiknast av møteleiar, møteskrivar og dei to årsmøtevalde kormedlemmene og sendast til medlemmene i koret.

Omfram årsmøte skal haldast når styret eller minst 1/3 av medlemmene krev det, og for slikt møte har styret ei innkallingsfrist på 14 dagar.

4.2 Val

Årsmøtet vel styre, leiar og 4 styremedlemmer for koret. Leiaren vert vald for eitt år. Dei andre styremedlemmene vert valde for 2 år, men slik at 2 styremedlemmer er på val kvart år. Det bør vere med minst 2 jenter og 2 gutar i styret. Årsmøtet vel i

tillegg 3 varamedlemmer (numerisk) til styret.

Årsmøtet vel også 2 revisorar og ein vararevisor, 3 medlemmer til valnemnd, og utsendingar til Oslo korforbund og Bygdelgagssamskipnaden. Årsmøtet gjer elles dei vala som er fastsette i retningsliner for nemnder og tillitsverv.

Alle val med unntak for styremedlemmene gjeld for eitt år.

§ 5: STYRET

Styret er ansvarleg for at koret arbeider i samsvar med lover og vedtak, og at nemnder og tillitsvalde gjer det dei er sette til.

Styret skal stå for den daglege drifta av koret. Styret skal m.a. gjere avtale med dirigent, ordne øvingslokale og fastsetje dag og tid for øvingear, framsyningar og andre arrangement. Styret ved sekretæren skal føre protokoll frå møta og utarbeide årsmelding til årsmøtet.

Styret er avgjerdsdyktig når leiar eller nestleiar og 4 styremedlemmer, eventuelt varamedlemmer, er til stades.

Spørsmål om å binde koret økonomisk utanom den daglege drifta skal leggjast fram for medlemmene til avgjerd. Andre prinsipielle spørsmål skal leggjast fram for medlemmene. Styret har teieplikt i spørsmål som vedkjem einskildmedlemmer i koret.

§ 6: NEMNDER OG ANDRE TILLITS VERV

Årsmøtet kan opprette nemnder og andre tillitsverv og fastsetje egne retningsliner for desse. Styret kan i tillegg oppnemne egne arbeidsgrupper.

§ 7: TRYGGING AV EIGE (OPPLYSING AV KORET)

Koret kan ikkje løysast opp utan etter vedtak på årsmøtet med 2/3 fleirtal.

Vedtak om oppløysing av koret kan bere fattast dersom minst 50 % av medlemmene er til stades.

Vert koret lagt ned, skal midlane setjast inn på

renteberande konto til nytt kor vert skipa av BLS med det føremål som er fastsett i § 2.

Dersom koret ikkje kjem i gang att etter 15 år, går midlane over i eiga til BLS.

Ved utmelding av BLS skal midlane gå over til BLS.

§ 8: LOVENDRING

Lovendringar skal gjerast på vanleg eller omframt årsmøte i koret med 2/3 fleirtal.

Lovendringsframlegg må vere innkomne styret og leggjast fram skriftleg for medlemmene i tråd med .
forretningsordenen for årsmøtesaker, sjå § 4.1.

Lovendringar må godkjennast av styret i Bygdelagssamskipnaden i Oslo.